

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

2023/EØS/31/01

nr. 228/2022

av 23. september 2022

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2095 av 29. november 2021 om godkjenning av L-lysinbase, L-lysinmonohydroklorid og L-lysinsulfat som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/268 av 23. februar 2022 om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2016/898 med hensyn til navnet på innehaveren av godkjenningen av et preparat av *Bacillus licheniformis* (ATCC 53757) og dets protease (EC 3.4.21.19) som fôrtilsetningsstoff, og av gjennomføringsforordning (EU) 2018/982 med hensyn til navnet på innehaveren av godkjenningen av et preparat av benzosyre, kalsiumformiat og fumarsyre som fôrtilsetningsstoff⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/272 av 23. februar 2022 om godkjenning av eit preparat av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyr av svinefamilien bortsett frå avvande smågrisar og purker, og i fôr til hundar (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A.)⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/273 av 23. februar 2022 om godkjenning av preparat av *Lacticaseibacillus rhamnosus* IMI 507023, *Pediococcus pentosaceus* IMI 507024, *Pediococcus pentosaceus* IMI 507025, *Lactiplantibacillus plantarum* IMI 507026, *Lactiplantibacillus plantarum* IMI 507027 og *Lactiplantibacillus plantarum* IMI 507028 som tilsetjingsstoff i ensilasje til alle dyreartar⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/320 av 25. februar 2022 om godkjenning av pressa eterisk mandarinolje som tilsetjingsstoff i fôr til fjørfe, svin, drøvtyggjarar, hestar, kaninar og laksefisk⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/347 av 1. mars 2022 om godkjenning av eterisk petitgrain bigarade-olje som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

⁽¹⁾ TEU L 427 av 30.11.2021, s. 179.

⁽²⁾ TEU L 43 av 24.2.2022, s. 1.

⁽³⁾ TEU L 43 av 24.2.2022, s. 14.

⁽⁴⁾ TEU L 43 av 24.2.2022, s. 17.

⁽⁵⁾ TEU L 55 av 28.2.2022, s. 41.

⁽⁶⁾ TEU L 64 av 2.3.2022, s. 1.

- 7) Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/385 av 7. mars 2022 om retting av gjennomføringsforordning (EU) 2021/421 om godkjenning av tinktur av *Artemisia vulgaris* L. (tinktur av burot) som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, gjennomføringsforordning (EU) 2021/485 om godkjenning av eterisk ingefærolje frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, ingefæroleoesin frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, verpehøner, slaktekalkunar, smågrisar, slaktesvin, purker, mjølkekyr, gjøkalvar (mjølkeerstatningsfôr), storfe meinte for slakt, sauer, geiter, hestar, kaninar, fisk og kjæledyr og ingefærtinktur frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar og gjennomføringsforordning (EU) 2021/551 om godkjenning av gurkemeieekstrakt, gurkemeieolje og gurkemeieoleoesin frå jordstengelen til *Curcuma longa* L. som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og av gurkemeietinktur frå jordstengelen til *Curcuma longa* L. som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/415 av 11. mars 2022 om godkjenning av epleysyre, sitronsyre framstilt av *Aspergillus niger* DSM 25794 eller CGMCC 4513/CGMCC 5751 eller CICC 40347/CGMCC 5343, sorbinsyre og kaliumsorbat, eddiksyre, natriumdiacetat og kalsiumacetat, propionsyre, natriumpropionat, kalsiumpropionat og ammoniumpropionat, maursyre, natriumformiat, kalsiumformiat og ammoniumformiat, mjølkesyre framstilt av *Bacillus coagulans* (LMG S-26145 eller DSM 23965) eller *Bacillus smithii* (LMG S-27890) eller *Bacillus subtilis* (LMG S-27889) og kalsiumlaktat som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁸⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 10) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 166 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2016/898) og 260 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2018/982) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32022 R 0268:** Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/268 av 23. februar 2022 (EUT L 43 av 24.2.2022, s. 1).”

2. I nr. 399 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/421), 401 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/485) og 406 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/551) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32022 R 0385:** Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/385 av 7. mars 2022 (EUT L 78 av 8.3.2022, s. 21).”

⁽⁷⁾ TEU L 78 av 8.3.2022, s. 21.

⁽⁸⁾ TEU L 85 av 14.3.2022, s. 6.

3. Etter nr. 438 (Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2090) skal nye nummer lyde:

- ”439. **32021 R 2095:** Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2095 av 29. november 2021 om godkjenning av L-lysinbase, L-lysinmonohydroklorid og L-lysinulfat som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 427 av 30.11.2021, s. 179).
440. **32022 R 0272:** Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/272 av 23. februar 2022 om godkjenning av eit preparat av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyr av svinefamilien bortsett frå avvande smågrisar og purker, og i fôr til hundar (inneharar av godkjenninga: Prosol S.p.A.) (EUT L 43 av 24.2.2022, s. 14).
441. **32022 R 0273:** Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/273 av 23. februar 2022 om godkjenning av preparat av *Lactocaseibacillus rhamnosus* IMI 507023, *Pediococcus pentosaceus* IMI 507024, *Pediococcus pentosaceus* IMI 507025, *Lactiplantibacillus plantarum* IMI 507026, *Lactiplantibacillus plantarum* IMI 507027 og *Lactiplantibacillus plantarum* IMI 507028 som tilsetjingsstoff i ensilasje til alle dyreartar (EUT L 43 av 24.2.2022, s. 17).
442. **32022 R 0320:** Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/320 av 25. februar 2022 om godkjenning av pressa eterisk mandarinolje som tilsetjingsstoff i fôr til fjørfe, svin, drøvtyggjarar, hestar, kaninar og laksefisk (EUT L 55 av 28.2.2022, s. 41).
443. **32022 R 0347:** Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/347 av 1. mars 2022 om godkjenning av eterisk petitgrain bigarade-olje som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar (EUT L 64 av 2.3.2022, s. 1).
444. **32022 R 0415:** Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/415 av 11. mars 2022 om godkjenning av eplesyre, sitronsyre framstilt av *Aspergillus niger* DSM 25794 eller CGMCC 4513/CGMCC 5751 eller CICC 40347/CGMCC 5343, sorbinsyre og kaliumsorbat, eddiksyre, natriumdiacetat og kalsiumacetat, propionsyre, natriumpropionat, kalsiumpropionat og ammoniumpropionat, maursyre, natriumformiat, kalsiumformiat og ammoniumformiat, mjølkesyre framstilt av *Bacillus coagulans* (LMG S-26145 eller DSM 23965) eller *Bacillus smithii* (LMG S-27890) eller *Bacillus subtilis* (LMG S-27889) og kalsiumlaktat som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 85 av 14.3.2022, s. 6).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2021/2095, (EU) 2022/268, (EU) 2022/272, (EU) 2022/273, (EU) 2022/320, (EU) 2022/347, (EU) 2022/385 og (EU) 2022/415 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 23. september 2022.

For EØS-komiteen

Kristján Andri Stefánsson

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.